

## FØRESEGNER FOR BRUK AV SAMNANGER KOMMUNE SIIT KOMMUNEVÅPEN

### § 1 DEFINISJON

Kommunevåpenet i Samnanger, fastsett ved kongeleg resolusjon den 27. april 1990 er:

På raud grunn seks gull dråpar som lagar ein sirkel.

På flagg: På raud grunn seks gull dråpar som lagar ein sirkel.

Til dekorativ bruk kan våpenet utformast som vimpel eller hengande banner. Våpenet omfattar all heraldisk form.

### § 2 GENERELLE VEDTEKTER OM BRUK

Som hovudregel kan våpenet berre brukast av administrasjonen og institusjonar under utøving av kommunal mynde og til dekorasjon.

Bruk av våpenet på souvenirar for sal er ikkje tillate utan særskild løyve.

Våpenet må ikkje brukast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn. Private kjenneteikn må heller ikkje samanstillast med våpenet.

### § 3 BRUK AV VÅPENSKJOLD

Våpenskjold skal brukast med sine fargar med mindre det føreligg særskilt løyve.

Våpenskjoldet kan brukast som eigarmerke på bygningar, bilar og andre gjenstandar. Våpenskjoldet i fargar kan etter nærare vedtak brukast til jakkemerke m.v.

### § 4 BRUK AV KOMMUNEFLAGG

Flagget kan heisast når kommunestyret har møte og elles etter nærare avgjerd.

### § 5 BRUK AV VÅPENET I FANAR, VIMPLAR M.V.

Våpenet kan utførast som bordflagg, tverrskore eller i vimpelform, til bruk som dekorasjon ved kommunale tilstelningar.

Til dekorativ bruk kan flagget utformast og brukast som hengande banner etter nærare vedtak.

### § 6 BRUK AV VÅPEN I STEMPEL OG SEGL

Våpenet kan brukast utan skjoldinnfatning, med namnet til etaten eller institusjonen i ein innskriftsring langs kanten.

Segl kan framstillast som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar o.l.

### § 7 UTFORMING OG UTFØRING AV VÅPENET

Våpenet kan gjengjevast i ulike typar teknikkar og materialar t.d. plastisk i flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert.

Alle utføringar av våpenet må følgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnorme med riktige fargar, formar og proporsjonar.

## MØTEBOK FOR KOMMUNESTYRET

Møtedato: 07.02.91

av 17 medlemmar var 16 tilstades (varamedlemmar medrekna)

Saksnr.: 8 Jnr.: 1015/90 Arkivnr.: 001

Formannsk.saksnr. 16

Sakshandsamar: Tone Instebø

## FØRESEGN FOR BRUK AV KOMMUNEVÅPEN

## Samandrag

I statsråd 27.april 1990 vart kommunevåpenet for Samnanger kommune godkjent i statsråd. Det er ikkje laga føresegner for bruk av kommunevåpenet i Samnanger tidligare.

## Fakta

12.11.1976 vedtok styret i Norske Kommuners Sentralforbund normalforskrifter for bruk av kommunevåpen. Dette vert nytta som utgangspunkt til føresegn for bruk av Samnanger kommune sitt våpen.

## Vurderingar og konsekvensar

I delegeringsføresegner for Samnanger kommune om delegering til rådmannen pkt. 1.5 står det at det er delegert til rådmannen å gjere vedtak om bruk av kommunevåpen etter vedtekne retningslinjer.

## Tilråding

Føresegner for bruk av Samnanger kommune sitt våpen vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapstilråding:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen si tilråding.

VEDTAK:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Retts utskrift:  
*L. Steinsland*  
L. Steinsland

Vert sendt etatane.

Samnanger rådmannskontor, 14.02.91

*Tone Ramsli*  
Tone Ramsli  
rådmann